

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), signert 30.10.2025 med Signicat Sign BANKID
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), signert 30.10.2025 med Signicat Sign BANKID
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), signert 30.10.2025 med Signicat Sign BANKID
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), signert 04.11.2025 med Signicat Sign BANKID
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), signert 04.11.2025 med Signicat Sign BANKID
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), signert 05.11.2025 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet innholder

En forside med informasjon om signaturene, alle originaldokumenter og digitale signaturer.



Dokumentet er forseglet av Posten Bring

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Bring AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

En digital signatur er kun gyldig digitalt. Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er signert av Posten Bring AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

ID 424.25
AMH/thm

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet
Fredag 17. oktober 2025 kl. 09.30 – 15.00, Leirvik AS, Stord

Desse møtte:

Sunnhordlandsrådet:

Bente Kari Sletten Taranger	Austevoll kommune
Morten Helland	Bømlo kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Etne kommune
Sigbjørn Framnes	Stord kommune
Andre Mundal Haukås	Sveio kommune
Synnøve bakke	Tysnes kommune

Kommunedirektørar/rådmann:

Hogne Haugsdal	Austevoll kommune
Kjetil Aga Gjøsæter	Bømlo kommune
Åsmund Sekse	Etne kommune
Steinar Dalland	Fitjar kommune
Leif Ove Mikkelsen	Kvinnherad kommune
Jostein Førre	Sveio kommune
Aud Gunn Løklingholm	Tysnes kommune

Andre:

Helge André Njåstad	Stortingsrepresentant Frp
Øyvind Harald Eskeland	Leirvik AS
Åge Ånesen	NROF avd. Sunnhordland
Ole Asbjørn Fauske	Norges Veteranforbund

Frå administrasjonen:

Tora Haslum Myklebust	Sunnhordlandsrådet IPR
-----------------------	------------------------

Saker:

Regionrådet for kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes | A Postboks 444, 5403 Stord
| T 41 21 70 24 | Org.nr. 971 492 910 | E post@regionsunnhordland.no | W regionsunnhordland.no

- 1 -

Dokumentet er signert digitalt av:

- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 30.10.2025
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 30.10.2025
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 30.10.2025
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 04.11.2025
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 04.11.2025
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), 05.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

Sakliste:

Sak 61/25	Godkjenning av sakslista
Sak 62/25	Fråsegn: planprogram for Regional plan for areal og mobilitet i Vestland
Sak 63/25	Fråsegn: Konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg
Sak 64/25	Møte med Hordalandsbenken og departementa 2026
Sak 65/25	Formannskapskonferansen 2026
Sak 66/25	Handlingsplan 2026 og arbeidsgrupper
Sak 67/25	Skriv og meldingar a) Møteplan 2026 b) Region Sunnhordland og strategiprosess c) Bu i Sunnhordland og utanbys arrangement d) Visit Sunnhordland og visningstura
Sak 68/25	Ymse

Sunnhordland, 24. oktober 2025

Andre Mundal Haukås
Leiar

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet

Dokumentet er signert digitalt av:

- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 30.10.2025
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 30.10.2025
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 30.10.2025
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 04.11.2025
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 04.11.2025
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), 05.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

Fredag 17. oktober 2025 kl. 09.30 – 15.00, Leirvik AS, Stord

Sak 61/25 Godkjenning av sakslista

Samrøystes vedteke, med saker til ymse.

Sak 62/25 Fråsegn: Planprogram for Regional plan for areal og mobilitet i Vestland

Høyringsfrist 20. oktober 2025

Framlegg til uttale:

Sunnhordlandsrådet som representerer kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, viser til høyring av planprogrammet for Regional plan for areal og mobilitet i Vestland fylkeskommune, og vil med dette gje følgjande innspel.

Planprogrammet og kommunane sitt ansvar

Sunnhordlandsrådet meiner at planprogrammet i for liten grad drøftar forholdet mellom fylkeskommunen sitt ansvar og kommunane sitt sjølvstendige ansvar for arealplanlegging.

Ein regional plan bør i hovudsak vere strategisk og overordna, og unngå detaljstyring som grip inn i kommunane si planmyndigheit. Plantemaet «berekraftig arealforvaltning» omfattar ei rekkje undertema som kommunen meiner best vert løyst lokalt, innanfor nasjonale føringar. Dette gjeld til dømes bustadpolitikk, fritidsbustader, turisme, landbruk og friluftsliv.

Ein regional plan bør fokusere på korleis nasjonale retningslinjer kan følgjast opp regionalt gjennom samarbeid og støtte. Fylkeskommunen bør utvikle eit strategisk planverk som tek på seg ei koordinerande rolle, legg til rette for deling av kunnskap, og skaper arenaer for samhandling mellom kommunar.

Vi meiner det er naudsynt med prinsipielle avklaringar i planprogrammet om kva som skal styrast regionalt, og kva som bør overlatast til kommunane.

Regionsenter og transportkultur

Sunnhordlandsrådet meiner etablerte regionale tilbod og institusjonar som til dømes helseføretak og utdanningsinstitusjonar må inngå i kriteria for regionsenter. Vidare bør også regional tilhøyrsløse og identitet bli lagt til grunn.

Når det gjeld å avklare kva for roller og funksjonar som skal ligge til dei ulike regionsentera, bør ein inkludere kriterium for plassering av m.a. eigen sentraladministrasjon. På fylkesdirektørnivå ligg ein lokasjon i Bergen, medan det finst to lokasjonar i nord-fylket – Leikanger og Førde. Me stiller spørsmål om dette er tenleg struktur og kva for kriterium dette byggjer på.

Planprogrammet legg opp til ei vurdering av å inndela kommunane i kategoriar. Det er uklårt kva for tiltak dei eventuelle kategoriane skal ha innverknad på. Dersom det er tenkt regionale tiltak, ser me at ei kategorisering kan vera nyttig, som ein del av ei heilskapsvurdering. For lokale tiltak er Sunnhordlandsrådet negativ til ei slik inndeling.

Dokumentet er signert digitalt av:

- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 30.10.2025
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 30.10.2025
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 30.10.2025
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 04.11.2025
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 04.11.2025
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), 05.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

Erfaringar frå strandsoneforvaltinga viser at det er dei konkrete vurderingane i kvar sak som er avgjerande for vedtaka, ikkje kva for sone/kategori tiltaket ligg i. Innføring av kategoriar kan gi større avstand til avgjerslene og dårlegare forankring av vedtaka.

Velfungerande infrastruktur og gode kollektivtilbod er viktig for at regionsentera skal vera motor for utviklinga i regionen. Manglande transporttilbod er ei barriere for deltaking. Utvikling av kommunikasjonen mellom regionsenter og omlandskommunar bør vera eit prioritert plantema. I tillegg er transportinfrastruktur svært viktig for velfungerande, framtidige arbeidsmarknadsregionar. Transportinfrastrukturen må stø opp om dei tunge næringsklyngene som allereie finst i Vestland og som me er heilt avhengige av i transformasjonen til eit grøtare og meir berekraftig næringsliv.

Berekraftig arealforvaltning

Avsnittet om planføresegner for handel i punkt 2.3.2 er uklårt og bør skrivast om. Dei regionale planføresegnene var gjeldande til 10.12.24. Kommunane i Sunnhordland kan ikkje sjå å ha vore involvert i prosess for forlenging, og legg til grunn at det per i dag ikkje er juridisk bindande planføresegner for handel i Vestland. Ein ser ikkje at det er grunnlag for å utvikle regionale planføresegner i dette planarbeidet.

I planprogrammet er det eit mål å unngå spreidd bustadbygging utifrå miljø- og naturomsyn. Sunnhordlandsrådet er generelt einig i dette, men vil samtidig peika på at å bustadbygging utanfor sentrumsområda bidrar til å oppretthalda landbruksaktivitet og å halda liv i små lokalsamfunn. Å gjera bygdene meir livskraftige er viktig både av omsyn til matforsyning og beredskap, og for bevaring av natur- og kulturmiljø. Desse vurderingane høyrer heime i kommunane, og plantemaet må difor takast ut av planprogrammet.

Ei barriere for næringslivet i Sunnhordlandsregionen er tilgang til kraft. For at ny industri skal etablerast og utviklast, må næringa vera trygg på at tilstrekkeleg kraftforsyning er sikra. Dette kan ikkje løysast med effektivisering aleine. Sunnhordlandsrådet meiner dei nye regionale planane bør ha mål om å utarbeida tydelege strategiar på korleis næringslivet sitt framtidige kraftbehov skal løysast i overgangen til fornybar kraft.

Mobilitet og transport

Regional plan for areal og mobilitet skal erstatte den strategiske delen av gjeldande Regional transportplan (RTP) Vestland 2022-2033. Ny regional plan må ta stilling til kva mål og strategiar i gjeldande RTP som bør vidareførast for å støtte opp om ei berekraftig utvikling i alle delar av fylket. Planstrukturen med eit handlingsprogram inkludert ein strategisk del med rammer for prioritering og porteføljestyling, og ein årleg handlingsdel med investeringsprogram og utviklingstiltak er tenkt vidareført. Det er vidare viktig at planen har tydeleg kopling mot endringar som skjer i arbeid med nasjonal transportplan og andre nasjonale føringar for transport og mobilitet.

God mobilitet er avgjerande for å halda oppe busetnad, næringsliv og tenester i Sunnhordland.

Planen må ta utgangspunkt i faktiske transportbehov og funksjonelle regionar, og prioritera tiltak som gir størst samfunnsnytte. Planen bør ikkje føre til svekka moglegheiter for utbygging i distrikta på grunn av overordna mål om sentralisering.

Energi og næringsutvikling

Dokumentet er signert digitalt av:

- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 30.10.2025
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 30.10.2025
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 30.10.2025
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 04.11.2025
- Ekheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 04.11.2025
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), 05.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

Tilgang til kraft og energi er ein nøkkelfaktor for vidare utvikling av Sunnhordland, som huser store industriklynger og energiintensive verksemdar. Det er viktig at havbruk, maritim sektor og tilhøyrande infrastruktur som kaier og hamner får ein tydelegare plass i planarbeidet.

Vidare tar ikkje planprogrammet nok opp i seg utfordringa med energibehovet i kystsamfunna. Havbruk, kystfiskeflåten og servicetilbod har store krav til straumtilgang, og fleire område i Vestland er ramma av låg nettkapasitet. Dette er eit viktig tema for berekraftig utvikling, og bør vere del av planprogrammet.

Til slutt vil kommunane i Sunnhordland understreke behovet for tett dialog i det vidare arbeidet med planen. Vi ber om at kommunane vert involvert i tidleg fase, og at det blir lagt til rette for reell medverknad i utforminga av strategiar og tiltak. Sunnhordlandsrådet ser fram til vidare samarbeid.

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet vedtek uttalen, med to endringar. Endringane er merka med gult i teksten under, og er blitt redigert inn i fråsegna som vart sendt ut 20. oktober:

1. Sunnhordlandsrådet meiner at planprogrammet i for liten grad drøftar forholdet mellom fylkeskommunen sitt ansvar og kommunane sitt sjølvstendige ansvar for arealplanlegging. **Sunnhordalandsrådet minnar Vestland fylkeskommune om at dei sjølv har uttalt å ikkje skal opptre som ein overkommune.**
2. I planprogrammet er det eit mål å unngå spreidd bustadbygging utifrå miljø- og naturomsyn. **Sunnhordlandsrådet vil peika på at bustadbygging utanfor sentrumsområda bidrar til å oppretthalda nærings- og landbruksaktivitet, og med å halda liv i små lokalsamfunn.** Å gjera bygdene meir livskraftige er viktig både av omsyn til matforsyning og beredskap, og for bevaring av natur- og kulturmiljø. Desse vurderingane høyrer heime i kommunane, og plantemaet må difor takast ut av planprogrammet.

Sak 63/25

Fråsegn: Konkurrans om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg

Høyringsfrist 17. oktober 2025.

Framlegg til uttale:

Sunnhordlandsrådet viser til brev datert 07.10.2025, ref. 2025/53510-2, Høyring-konkurrans om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg.

Sunnhordlandsrådet, som består av kommunane Stord, Etne, Fitjar, Bømlo, Sveio, Kvinnherad, Tysnes og Austevoll, vil gje følgjande uttale til høyringsbrevet.

Oslogruta er viktig for det regionale næringslivet i Sunnhordland med Aker Solutions i spissen.

Lufthamna er viktig for beredskapen i regionen og er ofte besøkt av redningshelikopter, ambulansefly, politi og forsvaret. Ved større brannar i distriktet har lufthamna sitt mannskap vorte nytta. I tillegg nyttar brannhelikopter Stord Lufthamn til fylling av drivstoff. Stord Lufthamn har eigen redningsbåt, som vert nytta av Hovudredningssentralen ved hendingar på sjø.

Dokumentet er signert digitalt av:

- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 30.10.2025
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 30.10.2025
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 30.10.2025
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 04.11.2025
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 04.11.2025
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), 05.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

Stord Lufthamn har ved fleire høve vore nytta til helikoptertransport til og frå plattformene i Nordsjøen ved stengt helikopterterminal på Bergen lufthamn, Flesland. Stord lufthamn avlastar Bergen lufthamn med treningsflyging av sivile fly og helikopter. I tillegg nyttar forsvaret lufthamna til treningsflyging. Stord Lufthamn er i dag fast alternativ landingsplass for el-flyet som Bristow no testar ut på strekninga Stavanger-Bergen

Flyselskapet DAT er i dag flyoperatør på FOT-ruta Stord/Oslo. DAT flyg i dag 16 rundturar pr. veke på ruta. Flyselskapet nyttar i dag flytypen ATR/42, med 48 seter. Kabinfaktoren ligg på 73%, noko som er svært høgt samanlikna med andre FOT ruter. Lufthamnselskapet hadde i sin strategiplan eit mål om å nå 45.000 reisande i 2027. Etter dei fyrste 12 mnd med FOT-ruter, nytta 45.500 passasjerar seg av ruta. Lufthamnselskapet har som mål å nå 50.000 reisande for kalenderåret 2025. I gjeldande anbod var kravet 12 rundturar pr veke og 36.500 seter i kvar retning. Pr i dag har me berre 2 rundturar på søndagar og måndagar. Desse flya er ofte heilt fulle, og ein ser såleis behovet for ein frekvensauke desse to dagane for å møte den store etterspurnaden.

Me meina at flyruta Stord-Oslo er like viktig for regionen Sunnhordland som flyrutene på dei regionale lufthamnene i Florø, Førde, Sandane og Sogndal er for sine regionar. Når det gjeld framtidig regionale ruteflygingar bør Stord lufthamn, som er drifta av Stord kommune (79%) og Vestland Fylkeskommune (21%), likestillast med dei andre regionale lufthamnene i fylket som i dag vert eigd og drifta av Avinor AS.

Aker Solutions og næringslivet elles i Sunnhordland har for tida godt med arbeid. Flyruta Stord-Oslo er såleis svært viktig for å sikre gode vilkår for næringslivet i regionen. Stadig fleire privatpersonar vel og å nytta seg av den lokale flyruta til hovudstaden, grunna god frekvens og konkurransedyktige billettprisar.

Lokale helseføretak nyttar seg av flyruta når pasientar skal til/frå Oslo.

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet vedtek uttalen slik den ligg føre.

Sak 64/25

Møte med Hordalandsbenken og departementa 2026

I møte blei det drøfta kva saker ein ynskjer å ta opp med Hordalandsbenken og dei ulike departementa i januar, når Sunnhordlandsrådet skal til Oslo. Stortingsrepresentant Helge André Njåstad oppmoda regionrådet til å spisse saksframlegga til å gjelde regionale saker, samt sette av god tid til å kunne drøfte saker. Han understrekte og viktigheita for regionrådet av å bruke meir tid på møter i Oslo, samt eit auka fokus på å møte stortinget og ulike komitéar.

Sunnhordlandsrådet vart eining om å sende administrasjonen innspel på kva saker og kven dei ynskjer å møte innan 31. oktober. Sjå vedlagt dokument, som viser kven me møtte i fjor og kva saker me la fram.

Sunnhordlandsrådet inviterer Hordalandsbenken, samt stortingsrepresentantane frå Hauglandet og kulturminister Lubna Jaffery til felles middag i samband med møta i Oslo.

Sak 65/25

Formannskapskonferansen 2026

I møte blei det drøfta ulike tema for konferansen. Det er viktig å hugse at dette fyrst og fremst ein konferanse for politikarane. AU la i forkant av møte fram følgjande tema til forslag:

- Beredskap
- Ungdomskriminalitet

Dokumentet er signert digitalt av:

- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 30.10.2025
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 30.10.2025
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 30.10.2025
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 04.11.2025
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 04.11.2025
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), 05.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

- Effektive tenesteleveranse hjå kommunane

Kommuneplanens arealdel blei spelt inn som tema i møte. I tillegg blei det spelt inn at det var viktig å hente inn gode eksempel på konkrete løysingar for kommunane, med overbyggjande tema samfunnsutvikling. Regionrådet bed administrasjonen legge fram eit forslag til agenda for konferansen til AU.

Sak 66/25 Handlingsplan 2026 og arbeidsgrupper

Arbeidsutvalet la fram ei drøftingssak på Handlingsplan 2026.

Bømlo kommune har sendt over skriftleg innspel, samt la fram følgjande punkter i møte:

- Infrastruktur
- Sette Sunnhordland på kartet. Ynskjer ein felles PP mal, som viser verdiskaping , reiseliv etc. i regionen.
- Kraft
- Kystpolitikk
- Styrke academia saman med næringslivet

Fitjar kommune understreka viktigheita av strategiske møter med Statsforvaltaren. Gjerne eit årleg fast møte. Fitjar peika og på viktigheita av å prøve å påverke rammearbeidet i større grad, med tanke på plan og samfunnsutvikling.

Sunnhordlandsrådet bed administrasjonen laga ein revidert handlingsplan for 2026 og legger fram for AU.

Sak 67/25 Skriv og meldingar

a) Møteplan 2026

Administrasjonen legg møta inn i Outlook til alle i Sunnhordlandsrådet. Sunnhordlandsrådet tek møteplan 2026 til orientering.

b) Region Sunnhordland strategiprosess

Sunnhordlandsrådet tek saka til orientering.

Representantskapet til region Sunnhordland IKS ynskjer å være tettare på prosessen med strategiarbeidet, og ynskjer at styreleiar skal halde ei orientering for dei. Styreleiar deltek og fast i representantskapsmøta.

c) Bu i Sunnhordland og utanbys arrangement

Sunnhordlandsrådet tek saka til orientering.

d) Visit Sunnhordland og visningstura

Sunnhordlandsrådet tek saka til orientering.

Sak 68/25 Ymse

Dokumentet er signert digitalt av:

- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 30.10.2025
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 30.10.2025
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 30.10.2025
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 04.11.2025
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 04.11.2025
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), 05.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

a) Fråsegn: Ferjeambod Hordaland - strategiske rammer og føringar for vidare arbeid med ny konkurranse

Austevoll og Kvinnherad kommune sendte kvelden før regionrådsmøte følgjande forslag til fråsegn:

Sunnhordlandsrådet, som består av kommunane Stord, Etne, Fitjar, Bømlo, Sveio, Kvinnherad, Tysnes og Austevoll, viser til Vestland Fylkesutval sa 239/2025 og vil gje følgjande uttale.

Sunnhordland er ein sterk og verdiskapande region med om lag 67 000 innbyggjarar og høg aktivitet innan marine næringar, industri, energi og eksport. Som kjent står regionen for ein stol del av verdiskapinga og sysselsettinga i Vestland innan desse næringa.

For at næringslivet skal kunne oppretthalde eit høgt aktivitetsnivået og tiltrekke seg nok arbeidskraft og kompetanse i framtida, er regionen avhengig av gode vegar og transport.

For at kommunane skal kunne levere tenester, (oppvekst, helse- og omsorg) i framtida, må regionen styrkast som felles arbeidsmarknadsregion. Arbeidskrafta må kunne nyttast på tvers av kommunegrenser, og saumlaus transport er ein føresetnad for at dette skal kunne skje.

Vestland fylkeskommune har gjort strukturendringar i vidaregåande opplæring. Dette har ført til eit større behov for mobilitet blant ungdom, som pendlar meir mellom kommunane enn tidlegare. Me har mange elevar som pendlar mellom dei åtta kommunane både dagleg og på vekebasis.

Det er eit ynskje at Sunnhordland skal vere ein bu og arbeidsregion. Då må vi kunne nytte oss av kultur og fritidsaktivitetar på tvers av kommunegrenser. Dagens ferjetilbod gjer at kommunane i praksis ikkje er knytt til regionsenteret Leirvik. Det største hinderet i dag for å vere ein region er utilstrekkeleg ferjekommunikasjon, som i dag er underdimensjonert i høve til det staten og fylket sjølv meiner den skal vere. For å vere attraktive kommunar å bu i for den yngre generasjonen, må kommunikasjonen vere betre enn i dag.

Eit godt og stabilt ferjetilbod er ein grunnpilar i samfunnsstryggleiken for Sunnhordland. Ferjene bind regionen saman, sikrar framkomst for innbyggjarar, næringsliv og offentlege tenester – og spelar ei heilt sentral rolle i beredskapssamanheng.

Eit stabilt ferjetilbod med tilstrekkeleg kapasitet og regularitet er difor nødvendig for å oppretthalde tryggleik og beredskap – både for innbyggjarar, næringsliv og offentlege tenester. Ved langvarige avbrot i ferjedrifta får det store konsekvensar for tilgjenge til sjukehus, omsorgstenester, politi og brannvesen.

Alt dette er grunnar for at vi i våre kommunar prioriterer ferjefri E39 høgt, eit prosjekt som er no er nedprioritert i nasjonal transportplan.

Sunnhordlandsrådet er kritisk til delar av kunnskapsgrunnlaget som vert presentert i rapporten «*Vurdering av rutetilbod for ferje i Vestland*». På fleire av våre samband er det ekstraordinære forhold som forklarar tala for 2024. Dette gjeld mellom anna omfattande byggearbeid på vegar, redusert næringsaktivitet i periodar grunna ombygging, samt hyppige driftsavbrot på fleire ferjestrekningar som følgje av tekniske og operasjonelle utfordringar.



Desse forholda har hatt vesentleg påverknad på trafikkgrunnlaget, og burde vore omtala og korrigert for i rapporten.

Ferjesambanda er livsnerven i Sunnhordland – avgjerande for både næringsliv, arbeidsreiser, helse- og omsorgstenester og beredskap.

Sunnhordlandrådet ber difor fylkesutvalet ta dette innover seg, og styrkje kapasiteten på ferjesambanda i regionen, snarare enn å redusere eller berre vidareføre dagens tilbod

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet vedtek uttalen slik den ligg føre.

b) VertsKommunen 2025

Destinasjonsselskapa har gått frå å vere marknadsførarar til å bli nøkkelspelarar i stadutvikling, besøksforvalting og grøn omstilling, medan kommunane sit med makta over areal, infrastruktur og rammevilkår.

I møte fekk Sunnhordlandsrådet informasjon om at det vært ein digital konferanse den 4. november 2025 i regi Nettverket for Berekraftig Reisemål (NDBR), med overordna tema: Korleis kan me spele kvarandre gode – og forme framtidas reiseliv saman?

Kort om programmet:

- **Reiselivsstatus 2025** – samtale med Aase Marthe Horrigmo (Innovasjon Noreg) og Kristin Krohn Devold (NHO)
- **Reiseliv som samfunnsutviklar** – korleis bruke merkeordninga *Berekraftig reisemål* som verktøy for heilskapleg utvikling
- **Fordjupingsspor:** Norske matdestinasjonar, Tilgjengeleg reiseliv og KI/ny teknologi i reiselivet
- **Posisjonering og omdømebygging** – ansvarleg marknadsføring og stolte lokalsamfunn

Deltakinga er gratis og for alle dei i kommunen som jobbar med fagfelte knyt til stadutvikling, besøksforvalting og grøn omstilling, areal, infrastruktur og rammevilkår.

For påmelding følg denne linken:

[Berekraftsnettverket NDBR | VertsKommunen 2025: Hva er destinasjonsselskapets rolle i fremtiden?](#)

